

NODLEN

Høgdemeter over havet: 120 m

Lengde: 210 meter ein veg

Tid: 15- 30 min ein veg.

Gradering: Dette er ein lett tur som passar for alle.

Vegskildring: Turen går frå Røynstrand: Gå til enden av byggjefeltet på Røynstrand på sørsida og turen startar ved det grå huset. Sjå skilt. Her fylgjer du ein bratt skogsveg eit par hundre meter før du kjem til ei grind. Då er du oppe på sjølve husmannsplassen Nodlen. Denne ruta tar ca. 15-30 min berre. Turkassa heng på huset. Det er fint å gå vidare oppover gjennom neste grind og bratt opp *Nyagjerdet* i skogen om du vil gå vidare og rundt til Masta på Rausvollane. Gå gjennom grinda- hugs å lat denne att då det går dyr på beite her om sommaren Etter kvart flatar stien ut og du kjem til eit vegskilje der stien rett fram går til Bjørndalen og Oksen. Og stien ned til venstre går til Masta/ Rausvollane. Ved Masta er det fin utsikt over bygda. Denne runden tek om lag ein liten time og er lettast å gå opp og ned slik vi skriv her, men dette vel du sjølv. Stien er raudmerka.

Føl skiltinga og merkinga vår!

Turtips 1: Gå raudmerka løype til Stokksel.

Turtips 2: Gå blåmerka løype til Daurmålsnuten.

Turtips 3: Gå raudmerka løype til Bjørndalen og evt. løype heilt fram til Oksen

Turtips 4: Gå raudmerka løype til Masta (2km)

Turskildringar ligg på heimesida til Granvin turlag: www.granvin-turlag.no

GOD TUR!